

**MØTEBOK****Oppvekstreforma - plan for det heilskaplege førebyggjande arbeidet i Fitjar kommune for barn og unge**

Utval sak	Utval	Møtedato
4/23	Utval for oppvekst og omsorg	22.02.2023
12/23	Utval for oppvekst og omsorg	19.04.2023

**Vedlegg:**

- 1 Overordna plan - oppvekstreform Fitjar kommune
- 2 Svar medverknad ungdomsskulen
- 3 Svar medverknad vgs
- 4 Svar medverknad føresette
- 5 Svar medverknad tilsette oppvekst
- 6 Prosjektplan foreldrestøtte 0-16 år
- 7 Prosjektplan førebygging 0-16 år

**Bakgrunn:**

Kommunestyret vedtok 23.03.2022 i sak PS 4/22:Oppstart av planarbeid for oppvekstreforma – heilskapleg plan for førebyggjande tenester i Fitjar kommune

Stortinget har vedteke ny barnevernlov som er gjeldande frå 2023. Nokre av endringane i ny lov er innført som endringar i gjeldande barnevernlov med verknad frå 01.01.2022. Lova gjev tydelege føringar og ei klår forventning til at kommunane skal ha eit meir heilskapleg og inkluderande tilbod til barn, unge og deira familie i eigen kommune. Det føl av § 3-1 i barnevernlova at kommunestyret skal vedta ein heilskapleg plan for kommunen sitt arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Reforma flyttar ansvar frå stat til kommune og gir kommunane eit større ansvar for å yte hjelp til utsette barn fagleg. Kommunen får og det fulle økonomiske ansvaret for fosterheimar, beredskapsheimar og institusjonsplassar. Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, er kommunen sin nærleik til familiane, og innsikt i barn, unge og foreldra sitt behov.

Planen omtalar overordna målsettingar, føringar og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet. Det er omtala korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis dei ulike etatane skal samarbeida og samhandla.

**Forankring i planar/mål:**

- Fitjar kommune vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg. (*Kommuneplanen sin samfunnsdel s. 33*)
- "Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge. (*s. 43 i Økonomiplan 2021 – 2024*)

## **Vurdering:**

### **Utfordringsbilete**

Barn og unge kan av ulike grunnar ha behov for ekstra støtte og oppfølging i kortare eller lengre periodar. Det kan være utfordringar i barnehage- og skulemiljø, barn og unge som har problem på grunn av dårleg fysisk eller psykisk helse, lærevanskar eller språkutfordringar.

Barn og unge kan ha ein vanskeleg livssituasjon på grunn av utfordringar i familien som fattigdom, vanskeleg bu situasjon, helseproblem, rus, vald eller omsorgssvikt.

For å møte barn, unge og deira familie i slike sårbare situasjonar, krev det at ein har eit tiltaksapparat og at ein har rutinar for samhandling på tvers av fag og etatar, samt at tilsette veit kven dei kan samarbeide med.

### **Samhandling på tvers av sektorar**

Barnevernsreforma regulerer først og fremst barnevernet. Måla i reforma vert likevel berre nådd gjennom endringar i heile kommunesektoren, og då særleg i oppvekstsektoren. Kommunane lyt legge til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå.

Målretta, førebyggjande tiltak og tidleg innsats frå alle tenester med ansvar for barn i kommunen vil vera avgjerande for at reforma skal bli vellykka. Kommunen har ansvar for at alle barn og unge får eit godt og inkluderande barnehageog skuletilbod. I planarbeidet med å få på plass ein heilskapleg plan for førebyggjande tenester har kommunen sett på dei ulike tenestene i ein samanheng for slik å utvikla eit godt og inkluderande oppvekstmiljø, som kan bidra til å sikre gode «lag» kring barn, unge og familiane deira.

### **Arbeidet med ein samordna plan har hatt som mål:**

- Å bidra til inkluderande fellesskap, tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg innsats.
- At den hjelpa den enkelte får kjem tidleg nok og er tilpassa dei behova vedkomande har.
- Å sikra at laget kring barn, unge og foreldre har tilstrekkeleg samla kompetanse/kapasitet slik at den enkelte får tilpassa hjelp tidleg nok.
- Å sikra at tilsette i laget rundt barnet/ ungdommen er trygge vaksne som tek ansvar, veit kor dei kan venda seg og kva dei skal gjera når dei har uro for eit barn og/ eller når dei treng hjelp og støtte.
- Å bidra til meir effektiv løysing av oppgåver og bruk av resursar.

I planarbeidet har Fitjar kommune kartlagt dei tilsette sin kompetanse og andre ressursar som ein har tilgjengeleg for å sjå ein samanheng og vurdere korleis dette kan bidra til å styrkje det førebyggjande arbeidet. Dette gjeld både i den enkelte barnehage, skule, men og på tvers av desse og i samarbeid med andre helse tenester. Det er ikkje all kompetanse kvar eining kan, eller skal ha, men det er viktig å byggja rett og tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet samla sett i kommunen.

### **Folkehelse:**

Det å leggje til rette for at sårbare barn, ungdom og foreldre får rett hjelp, tidleg nok, har positiv påverknad på folkehelsa på kort og lang sikt.

### **Økonomi og forankring i økonomiplanen:**

- Det er søkt om skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren for å få styrkje det førebyggjande arbeidet som skissert i planen.
- Det er søkt om tilskot frå Bufdir for å styrkje innsatsen som planen legg opp til.
- Planarbeidet kan avdekka ressursbehov som påverka budsjett 2023 og økonomiplanen. I budsjett 2023 og økonomiplanen 2023-2026 er det lagt inn ei stilling for å styrke laget kring barnet.
- Ei dreining av tenestene og ressursbruken mot førebyggjande tenester som kan spare kommunen for seinare monaleg auke i driftsutgifter.

### **Plan prosess:**

Det vart vinteren 2022 sett ned ein prosjektorganisering av planarbeidet med oppvekstreforma – heilskapleg plan for førebyggjande tenester for å sikre ei god forankring i organisasjonen. I planarbeidet har ein hatt ei brei medverkand med tilsette i ulike einingar og på tvers av etatane helse- og oppvekst. I tillegg gjennom ei undersøking for å kartlegge utfordringsbiletet, og for å finne treffsikre tiltak i det vidare arbeidet med planen. Svara på undersøkinga har vore sentrale i utarbeiding av tiltak og organisering av tenestetilboda, samt kompetanseheving for tilsette.

Arbeidet har munna ut i eit høyringsdokument som no vert lagt ut på offentleg høyring.

### **Framlegg til vedtak:**

Plan for det heilskaplege førebyggjande arbeidet i Fitjar kommune for barn og unge vert lagt ut på offentleg høyring med høyringsfrist 19.05.2023

## **Saksprotokoll i Utval for oppvekst og omsorg - 22.02.2023**

### **Behandling:**

Saka er utsett til møte i utval for oppvekst og omsorg 19.04.2023.

### **Vedtak:**

## **Saksprotokoll i Utval for oppvekst og omsorg - 19.04.2023**

### **Behandling:**

Utvalet diskuterer i møte angående høyringsfristen, og om denne bør forlengast, Det er einighet om at 4 veker er lang nok frist. Etatssjef for oppvekst og kultur legg saka føre i møte, og svarar på spørsmål undervegs. Etatssjef for helse og omsorg supplerer også litt i saka.

Utdanningsforbundet kjem med følgjande uttale etter drøftingsmøte 08.03.23:  
"Dei tillitsvalde meiner at planen er god og ynskjer å støtte opp om denne. Dei kunne tenkja seg at DUÅ koordinator for skule/familieterapeut kan gå inn som ein del av ein sosial lærarfunksjon. Viktig å sjå heilheit i høve mellomtrinnet. Dette kan takast opp til vurdering i samband med budsjettet for 2024. Ein bør vera bevisst tankegangen kring ein heilheitskultur ved tilsetjingar i mindre stillingar slik det er framstilt i det økonomiske oversynet."

Råd for funksjonshemma tek saka til orientering og kjem med følgjande uttale til saka etter deira møte 17.04.23:

"Av det totale talet på stillingar knytt til DUÅ er berre ei 20 % stilling som er knytt til skule. Det kjem ikkje fram at denne prosenten går til direkte hjelp til elevar/klassemiljø. Med dei utfordringane som Fitjarskulen har (jmfr årsmelding for skule) meiner rådet at det er behov for sosiallærer ved skulane i Fitjar uavhengig av DUÅ stillinga på 20 prosent. Det er stort behov for sosiallærarstilling knytt til elevar/klassemiljø og som kan jobba direkte opp mot både elevane sine eigne vanskar og opp mot klassemiljø. Sosiallærer vil vera viktig både for barn med funksjonsnedsettingar og barn med psykiske vanskar eller åtferdsvanskar."

Nytt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke:

1. Plan for det heilskaplege førebyggjande arbeidet i Fitjar kommune for barn og unge vert lagt ut på offentleg høyring med høyringsfrist 19.05.23
2. Innspela frå råd for funksjonshemma og utdanningsforbundet vert å ta med i det vidare arbeidet med oppvekstreforma.

### **Vedtak:**

1. Plan for det heilskaplege førebyggjande arbeidet i Fitjar kommune for barn og unge vert lagt ut på offentleg høyring med høyringsfrist 19.05.23
2. Innspela frå råd for funksjonshemma og utdanningsforbundet vert å ta med i det vidare arbeidet med oppvekstreforma.

Gjermund Hagesæter  
kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*